



Hilleren Prosjektering AS  
Skulebakken 2-4  
5355 KNARREVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3304 - 17/31782

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
06.11.2017

## Avvist søknad om avkjørsle - gbnr 107/5 Kolås

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 03.11.2017  
Saka gjeld søknad om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Det vert i søknadsskjema søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle, mens innsendt situasjonskart viser ny avkjørsle frå kommunal veg. Da ansvarleg søker ikkje heimelshavar av gbnr 107/5 kan søknad ikkje handsamast. Heimelshaver må stå som ansvarleg søker eller gje ei fullmakt om at Jan Tore Kolås kan søkje om tiltak på eigdommen.

Avkjørsle som er vist på innsendt situasjonskart er plassert for nær eksisterande avkjørsle. Av omsyn til trafikktryggleik i kommunal veg skal avkjørsler ikkje ligge for tett. Der det er mogleg skal vegmynde sørgje for at eigedomer har felles avkjørsle. Tilbakemelding vert difor at eksisterande avkjørsle må nyttast. Avkjørsle skal være vist på situasjonskart med målsatt svingradius og siktzone (M 1:500). Avkjørsle med tilhøyrande siktzone skal være vist i sin heilskap.



Foto 360 - retning nord



Foto 360 - retning sør



Det skal leggest ved lengdesnitt som viser stigningsforhold i avkjørsle. Avkjørsler frå offentleg veg skal ikkje leggest høgare enn kant kommunale veg. På dei første 2 metrane skal avkjørsle ha eit jamnt fall frå kommunevegen (jf. forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg»). Etter dette kan veg ha stigning/fall 1:8.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbake-meldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

**VEDTAK:**

**Med heimel i Veglova § 40-43, forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 vert søknad om avkjørsle avvist.**

**Når søknaden er avvist vert saka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hilleren Prosjektering AS

Skulebakken 2-4 5355

KNARREVIK

